
Saknr: 2020/39687-2
Saksbehandlar: Beate Mæsel

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Tilsegn om tilskot til reduserte bompengetakstar for Rv. 13 Hardangerbrua

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkesting er positiv til statleg tilskot til reduserte takstar på Rv. 13 Hardangerbrua
2. Vestland fylkesting ber Ferde AS følgje opp saka i tråd med bestillingar og krav som vert stilt frå vegdirektoratet og som følgjer i saksframlegget for denne saka.
3. Vestland fylkeskommune bekreftar tidlegare garanti og stiller som garantist for bompengeselskapet sitt bompengelån, basert på opplegget referert i saksframlegget.

Samandrag

Gjennom statsbudsjettet er det løyvd midlar som opnar for gjeldssanering for Rv. 13 Hardangerbrua, noko som medfører at gjennomsnittleg bomsats kan reduserast med 20%. Fylkesrådmannen meiner dette tiltaket vil vere særst positivt for prosjektet og vil redusere kostnadane for brukarane av Hardangerbrua.

Tiltaket krev godkjenning i fylkestinget sidan Vestland fylkeskommune har eit økonomisk garantiansvar for prosjektet. Då tilskotet går til gjeldssanering medfører ikkje dette auka risiko knytt til garantiansvaret. Fylkesrådmannen rår til at endringa vert gjennomført som føreslått.

I denne saka vert det rådd til å gje tilslutning til skissert opplegg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved Stortingets handsaming av statsbudsjettet for 2020, jf. Prop. 1 S (2019-2020)/Innst. 13 S (2019-2020), vart det løyvd 1 400 mill. kr på kap. 1320 post 73 Tilskot for reduserte bompengetakstar utanfor byområda. Av dette er 548,4 mill. kr satt av til den opphavelige tilskotsordninga. Resterande løyving i 2020, om lag 850 mill. kr, vert sett av til å redusere bompengar i følgjande prosjekt:

- E136 Tresfjordbrua og Vågstrandstunnelen
- E18 Arendal - Tvedestrand
- Rv. 13 Hardangerbrua
- E6 Hålogalandsbrua

Forutsetningar

For Rv. 13 Hardangerbrua vert det lagt til grunn at gjennomsnittstaksten reduserast med minst 20 pst.

Samferdselsdepartementet bad i 2019 Statens vegvesen om å berekne effektane av ein gjennomsnittleg takstreduksjon på minst 20 pst og om å gjennomføre naudsynte førebuingar slik at tilskotet til bompengeselskapet kan utbetalast tidleg i 2020. Statens vegvesen har berekna at eit tilskot på totalt 270 mill. kr til nedbetaling av lånegjeld, vil vere tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre reduksjon i gjennomsnittstakst på 20 pst innafør rammene for takst og innkrevingstid som er gitt i St.prp. nr 2 (2005-2006).

På bakgrunn av ovannemnte er Ferde AS' prosjekt Rv. 13 Hardangerbrua gitt tilsegn om tilskot på 270 mill. kr mot reduksjon av gjennomsnittstakst med minst 20 pst i 2020. Tilskotet vil bli gitt som eingongsutbetaling i 2020 og skal gå til nedbetaling av bompengeselskapets gjeld.

Før tilskotet kan utbetalast frå staten, må Ferde AS oversende følgjande dokumentasjon til Vegdirektoratet:

- Tilslutning frå Vestland fylkeskommune som garantist for bompengeselskapets bompengelån, på ovannemnte opplegg.
- Søknad frå bompengeselskapet om å sette ned gjennomsnittstaksten med minst 20pst. i forhold til dagens fastsette gjennomsnittstakst.

Vegdirektoratet ønska tilbakemelding innan fredag 21. februar 2020 på når Ferde AS kan oversende all ovannemnte dokumentasjon. Nødvendig vedtak i Vestland fylkesting er ein del av denne dokumentasjonen. Fylkesrådmannen har rådd til at saka kjem opp i Fylkestinget i juni 2020.

Staten vil utbetale tilskotet så snart Vegdirektoratet mottar ovannemnte dokumentasjon.

Regnskapsføring

Tilskotet skal førast i samsvar med norsk regnskapsstandard og skal spesifiserast. Vi ber om at naudsynte tilleggsopplysningar om tilskotet vert spesifisert med noter i rekneskapen.

Kontroll

Vi viser til løyvingsreglementet § 10 annet ledd om oppfølging og kontroll: «Ved tilskot eller lån til offentlig eller privat verksemd som elles ikkje er undergitt statleg kontroll, skal det tas atterhald om

tilgang for tilskotsforvaltaren til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter forutsetningane.»
Tilskotet vil verte trekt attende dersom vilkåra ikkje er oppfylt.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde med heimel.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saken og tiltaket vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune.

Klima: Reduserte bompengar vil erfaringsmessig kunne gi auka trafikk og ved det auka utslepp av klimagassar.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Ein tildeling frå staten til reduserte bompengesatsar for Rv. 13 Hardangerbrua vil gi trafikantane lågare bompengekostnadar når dei nyttar prosjektet. Dette vil med rimeleg grad av sikkerheit kunne gi auke i bruk av vegen då den vert rimelegare å nytte for trafikken som skal frå vest til aust, og motsett.

Saka og tiltaket vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune.

Saka påfører ikkje Vestland fylkeskommune noko nytt garantiansvar utover det garantiansvaret som allereie er påtatt. Staten yter et tilskot til å redusere gjelda i selskapet, som gir grunnlagt for å redusere takstane i prosjektet.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gå inn i ordninga staten foreslår. Ved å motta tildeling frå staten til gjeldssanering slik at bompengesatsar på Rv. 13 Hardangerbrua kan reduserast, vil trafikantane få 20 pst. rabatt på gjennomsnittstaksten. Vert forutsetningane endra, vil bomsatsane kunne justerast igjen.